

HANDBOK

for

Fleirfagleg blikk i Florabarnehagen

Ein må ha fleire blikk for å danne eit godt blikk (Ø. Kvello)

Del 1

Innhald

Føreord	3
1. Innleiing.....	4
2. Overordna mål	5
2.1 Hovudmål	5
2.2 Delmål	5
3. Organisering og gjennomføring av modellen.....	5
4. Kompetanseutvikling.....	7
5. Praktisk førebuing	7
5.1 Observasjonar i barnehagen	8
5.1.1Tverrfagleg observasjon individ og system.....	8
5.1.2 Intern observasjon kun på system.....	8
5.1.3 Observasjon ved hospitering kun på system.....	8
6. Stormøte	9
7. Oppfølging individuell observasjon	9
7.1 Ei dør inn	10
8. Oppfølging systemobservasjonar	10
8.1 Vidare oppfølging av barnehagen	10

Når vi går inn porten til barnehagen, inngår vi samtidig ei forplikting.

Ei forplikting om å sjå barna – alle barna. På deira premiss.

Men, viss vi ikkje kjenner oss sjølve, ser vi barna med eit begrensa blick.

På våre premiss.

Eit blick som ser det det ønskjer å sjå, oftast det som er lett og hyggeleg.

Vi må lære oss å sjå alt. Også det som er ukomfortabelt, vanskeleg og som utfordrar oss. Og vi må tåle – alt.

Alt det som barna må få sleppe. Fordi det er vårt ansvar.

Fordi det er barna sin rett.

Ukjent

Føreord

Tilsette i tre barnehagar i Flora kommune og i tenesta Barn og unge, PPT og Helse, deltok i pilotprosjektet «Fleirfagleg blick i Florabarnhagen» i perioden 2015 -2018. Målet med prosjektet var «*ved utgangen av prosjektet skal det vere etablert gode samarbeidsrutinar og samordningstiltak melom dei ulike tenestene som har ansvar for barn i barnehagealder, som sikrar barn rett hjelp tidleg*». Evalueringar av pilotprosjektet viste gode resultat. Det vart bestemt at modellen pilotbarnehagane prøvde ut, skal vere innført i alle barnehagane i Flora kommune i løpet av 2020.

På bakgrunn av eigne erfaringar og inspirasjon frå andre kommunar som arbeider etter same modell, har vi utarbeidd «Handbok for fleirfagleg blick i Florabarnhagen – ein må ha fleire blick for å danne eit godt blick».

Første del av handboka skildrar bakgrunn, mål, organisering og gjennomføring av modellen. Andre del er resurssbank med informasjon til foreldre og malar for aktivitetar modellen utløyser. Desse to delane står fast. Tredje del av handboka er vedlegg som vert oppdatert, justert og supplert etter behov.

Vi rettar stor takk til professor Øyvind Kvello ved NTNU i Trondheim som er opphavsmann til modellen og som har vore vår inspirator og rettleiar gjennom heile pilotprosjektet. Han vil òg følge oss vidare på vegen.

Florø, mai 2018

Anders J. Moen

Norunn Stavø

kommunasjef oppvekst

kommunalsjef helse, omsorg, barn & unge og NAV

1. Innleiing

Fleirfagleg blick i Florabarnhagen

– ein må ha fleire blick for å danne eit godt blick (Ø. Kvello)

«Fleirfagleg blick» byggjer på professor Øyvind Kvello ved NTNU sin modell for tidleg innsats i barnehagen. Modellen er utvikla som ei motvekt til at det tradisjonelt er for tung innsats på utgreiing og for ujamn innsats på tiltak. Det syner seg og at det er for lang avstand mellom barnehagar og hjelpeapparat, og at tenestene har liten kjennskap til kvarandre sitt arbeidsinnhald og arbeidsmetodar.

Modellen «Tidleg innsats i barnehagen» blei utvikla for å jobbe systematisk på individ- og systemnivå i barnehagar for å sikre godt tilrettelagde barnehagetilbod og å tilby bistand til barn i ei tidleg fase av ei mogleg utvikling av vanskar. Fokus er, i følgje Kvello, alltid på kva som er «*det gode barnehagetilbudet for barn som har behov for noe ekstra eller litt anna enn en del av de andre barna*».

«Fleirfagleg blick» gir høve til å sjå «heile» barnet. Dei ulike blicka fokuserer på ulike sider ved barnet si utvikling og sikrar ei heilskapleg tilnærming til det som er barnet sine vanskar. På denne måten kjem ein raskare fram til kva som er barnet sin hovudvanske og ein unngår å hovudsakleg behandle symptom hos barnet. Tiltak og vidare oppfølging må ha dette som utgangspunkt.

Dei statlege måla for tidleg innsats gir føringar for alle som jobbar med barn, unge og familiar, enten det er barnehage, skule, kommunalt hjelpeapparat eller spesialistenesta. Det er opp til den enkelte kommune å bestemme korleis ein skal jobbe for å nå dette målet. I Flora kommune er det forankra både politisk og administrativt at Kvello sin modell for tidleg innsats skal nyttast.

Fleirfagleg blick vert derfor eitt av fleire innsatsområde for barn og deira føresette som Flora kommune prioriterer. Dei ulike tiltaka og aktivitetane må sjåast i samanheng og fungere saman.

2. Overordna mål

Flora kommune tek i vare si førebyggjande rolle og sikrar tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid til alle barn og deira føresette i Florabarnhagen.

2.1 Hovudmål

Barn som har behov for ekstra utviklingsstøtte får hjelp så tidleg som mogleg i eit samarbeid på tvers av tenestene.

2.2 Delmål

- Auke tilsette i involverte tenester sin kompetanse
- Identifisere innsatsområde tidleg på individ- og systemnivå
- Samordne tiltak der det er nødvendig – «ei dør inn»
- Tilvise til rette instans for vidare oppfølging

3. Organisering og gjennomføring av modellen

Kommunalsjef for oppvekst og kommunalsjef for helse, omsorg, barn & unge og NAV har ansvar for at modellen vert gjennomført i tråd med mål og føringar i handboka «Fleirfagleg blick i Florabarnhagen». Styrar / rektor i den enkelte barnehage er ansvarleg for gjennomføring av modellen i eiga teneste. Dei to kommunalsjefane, eller den han/ho peikar ut, og tenesteleiarane i tenestene Barn & Unge, Helse, PPT, samt nettverksleiar barnehage dannar referansegruppe.

Kvalitet- og utviklingsavdelinga i Flora kommune v/ koordinator har ansvar for samordning og drift av Fleirfagleg blick i Florabarnhagen.

Vi har valt å bruke Randaberg kommune sin modell for gjennomføring. Denne følgjer ei rullering over 4 år og vert organisert slik:

1) Intern observasjon	Pedagogar deler avdelingar mellom seg internt i barnehagen.
2) Hospitering observasjon	Pedagogar observerer på systemnivå i annan barnehage.
3) Tverrfagleg observasjon	Tverrfaglege instansar (Plussteamet) observerer i barnehagen.
4) Tiltak og systemarbeid	Barnehagen arbeider med individ- og systemobservasjonane frå Plussteamet

Arbeidsmodellen følgjer ulike fasar. Fasane kan illustrerast på følgjande måte:



4. Kompetanseutvikling

«Fleirfagleg blick» samlar store delar av den kompetansen Flora kommune har rundt barnehagebarn. Tilsette i barnehagane, PPT, tenesta «Barn og unge» og tenesta «Helse» møter barna og familiane deira. Det er nødvendig at tilsette på tvers av tenestene kjenner til kvarandre sine arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar, for å kunne yte best mogleg hjelp og støtte. Gjennom kompetanseheving ønskjer vi å sikre felles språk og forståing av kva faktorar som påverkar barn si helse; fysisk, psykisk og sosialt.

Kompetansehevinga er tufta på gjennomføring av lesesirkklar, fagmøte, kunnskapsdeling i stormøte og refleksjon over praksis på interne møte. Lesesirklane vert gjennomført på dagtid, totalt 6 timar. Fagnettverket Barn i risiko møtast 4 gongar i året. Observasjonsteamet (heretter kalla Plussteam) har eigne fagmøte 4 gongar i året, der fleirfagleg blick er hovedtema. Fagnettverka, lesesirklane og møta i plussteamgruppa er svært relevante kompetansearenaer for deltakarane i fleirfagleg blick. Tema for kompetanseheving vil følgje Flora kommune sine kompetanseplanar som gjeld over ein 4-års periode (sjå del 3 – kompetanseplan).

Døme på tema for kompetanseheving er blant anna observasjon og Øyvind Kvello si bok: «Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner». Medlemmene les avtalte kapittel, som vert diskutert i gruppene. Ein har særleg fokus på moglege risiko- og beskyttelsesfaktorar rundt barn, både heime og i barnehagen, i oppfølgingsarbeidet i etterkant av både inivid- og systemobservasjonane.

5. Praktisk førebuing

Barnehagane, med styrar i spissen, må setje seg inn i framdriftsplanen og følgje opp fokusområda gjeldande år. Rutinebeskrivingar i handboka innarbeidast i barnehagen sitt årshjul. Det er viktig å sikre alle dei tilsette og føresette god og tilstrekkeleg informasjon. Ved behov kan ein kontakte koordinator for hjelp og støtte undervegs.

5.1 Observasjonar i barnehagen

Vanskar kan både oppstå i barnet og skapast av miljøet rundt barnet. Det skal derfor i tillegg til observasjonar på individnivå, òg gjennomførast systemobservasjonar. Systemobservasjonane kan avdekke om barnehagen har ein god nok praksis som støttar opp om hensiktmessig utvikling hos barn på alle område.

5.1.1 Tverrfagleg observasjon individ og system

Tilsette frå tenestene PPT, «Barn og unge» og «Helse» er dei som i lag utgjør Plussteamet og som skal gjennomføre tverrfaglege observasjonar ute i barnehagane etter oppsett plan. Plussteamet består av fysioterapeut, ergoterapeut, barnevernspedagog, helsesøster, sosionom, logoped og spesialpedagog. Observasjonane vert gjennomførde i løpet av eit par veker.

Observatørane registrerer/noterer det som vekker bekymring ut i frå deira faglege blick, til dømes åtferd, språk, samspel, motorikk og liknande. Det som er innanfor normal utvikling, skal ikkje noterast.

5.1.2 Intern observasjon kun på system

Den einskilde barnehage gjennomfører observasjonar i eigen barnehage. Styrar har ansvar for gjennomføringa (sjå del 2 – intern observasjon i barnehagen).

5.1.3 Observasjon ved hospitering kun på system

Utvalde barnehagar skal observere hos kvarandre, sjå framdriftsplan for nærare informasjon. Gjennomføringa av observasjonane og hospiteringa er lagt til styrar i barnehagen (sjå del 2 – Førebuing av systemobservasjonar på tvers av avdelingar i eigen barnehage og ved hospitering).

Systemobservasjonane kan ha tema som tilsette sin kommunikasjon med barna, arealbruk, aktivitetar eller organisering av arbeid/rutinar. Barnehagane vel sjølve kva tema som skal observerast. Det vert utarbeidd ein eigen plan for rullering av systemobservasjonar for å unngå at alle tema vert på same tid.

6. Stormøte

Seinast 3 veker etter observasjonsveka vert det kalla inn til stormøte. Stormøta vert gjennomførde barnehagevis. Deltakarane i stormøtet er dei medlemmene som har observert i barnehagen samt styrar og dei ansvarlege pedagogane i den aktuelle barnehagen. I tillegg møter kommunepsykolog, tenesteleiarane for «Barn og unge» og «Helse». Styrar leiar møtet.

I stormøtet vert alle observasjonane lagt fram. Pedagogisk leiar kan melde inn bekymring for barn som observasjonane ikkje har fanga opp. I drøftinga legg observatørane fram sine observasjonar og vurderingar ut i frå sine faglege blick.

Det vert så konkludert ut i frå fire moglege konklusjonar:

1. Det er ingen grunn til bekymring
2. Det er usikkerheit om barnet har behov for bistand. Barnehagen skal foreta fleire observasjonar, med ev. bistand frå Ny konklusjon innan 3 mnd.
3. Barnet bør henvisast til.....(instans)
4. Anna.....

Systemobservasjonane vert gjennomgått på slutten av kvart stormøte. Observatørane presenterer sine observasjonar. Tilbakemeldingane føregår på avdelingsnivå. Dette inneber at enkeltpersonar ikkje skal diskuterast. PPT og Fysio- og ergoterapi-avdelinga sender skriftleg tilbakemelding på sine systemobservasjonar til den enkelte barnehage.

7. Oppfølging individuell observasjon

I etterkant av stormøtet får foreldra til *alle* barna som har vore med under observasjonane tilbakemelding uavhengig av konklusjon. Konklusjonar etter punkt 1 blir lagt vekk. Konklusjonar etter punkt 2 følgjast opp internt i barnehagen, og kan involvere andre instansar. Konklusjonar etter punkt 3 og 4 involverer andre instansar. Dei fleste hjelpeinstansar som Fysio -ergoterapiavdelinga og PPT har venteliste. Det same gjeld og for ulike foreldrerettleiingsprogram som team barn og unge kan tilby.

Dette betyr at det kan ta noko tid før hjelpetiltak kan igangsetjast. Det må avklarast i forståing og samarbeid med barnet sine foreldre kva som skal skje i «ventetida». Som oftast vil det handle om konkrete tiltak som kan gjennomførast i barnehagen og/eller heime inntil ein får hjelpeapparatet på bana. Det er avgjerande for tillit og vidare samarbeid at ventetida ikkje blir opplevd som eit vakuum der lite eller ingenting skjer.

7.1 Ei dør inn

Når det er oppretta kontakt med hjelpeapparatet er det viktig at tiltaka vert samordna. Vi snakkar her om «ei dør inn». Barnehagen kallar inn til eit samarbeidsmøte der foreldra, tilsette i barnehagen og representantar frå hjelpeapparatet deltek. I møtet vert vidare tiltak diskutert. Dei ulike instansane presenterer sine moglege bidrag og det vert konkludert med kva tiltak som skal iverksetjast og i kva rekkefølge. Styrar leiår møtet og skriv referat. Barnehagen «eig» saka inntil noko anna vert bestemt.

8. Oppfølging systemobservasjonar

Observasjonar på systemnivå vert følgde opp enten avdelingsvis eller i ei samla personalgruppe. Oppfølginga kan handle om enkle endringar av praksis, som t.d. val og frekvens av fysiske aktivitetar og meir omfattande endringar som t.d. haldningar og handlingar hos dei tilsette. Styrar har ansvar for at systemobservasjonane vert følgde opp og at det vert utarbeidd konkrete tiltak for å betre systemarbeidet i barnehagen. Foreldra vert informerte om oppfølginga av dette arbeidet på eit foreldremøte.

8.1 Vidare oppfølging av barnehagen

Innan 12 veker etter tverrfagleg stormøte vil det verte gjennomført eit oppfølgingsbesøk, der deltakarane i Plussteamet vert kalla inn til møte i barnehagen som har gjennomført tverrfagleg observasjon. Styrar informerer om korleis barnehagen har følgd opp konklusjonane som vart gjort i stormøtet, og eventuelle nye konklusjonar i forhold til vidare arbeid vert avklara.

DEL 2 – RESSURSBANK

Informasjon til foreldre om Fleirfagleg blick i Florabarnehagen	12
Tema for systemobservasjonar	13
Mal oversikt barn til observatørane	14
Mal leiing stormøte	15
Mal referatskriving med konklusjon stormøte	16
Samtykke til samarbeid med andre instansar	17
Registrering og oppsummering etter stormøte	18
Rutinebeskrivingar:	
Observasjon på individnivå Plussteam	19
Observasjon på systemnivå	20
Stormøte og tilbakemelding systemobservasjonar	21
Rutine stormøte	22
Førebuing av systemobservasjon på tvers av avdelingar i eigen barnehage og ved hospitering	23
Rutine for oppfølgingsmøte etter 12 veker	24
Rutine for intern oppfølging	25
Årshjul, drift	26

Informasjon til foreldre om Fleirfagleg blick i Florabarnehagen.

Flora kommune har målsetjing om at barnehagane i kommunen skal gi gode tilbod til alle barn. I 2015 – 2018 deltok tilsette i tre pilotbarnehagar og i tenestene Helse, Barn og Unge og PPT i eit prosjekt der målet var at barn som har behov for ekstra utviklingstøtte skal få hjelp så tidleg som mogleg. Auka kompetanse til tilsette i barnehagen til å gjennomføre utviklingsstøttande tiltak for barn og utprøving av metodar for fleirfagleg samarbeid og meir systematisk arbeid var også målsetjingar..

Gode erfaringar med prosjektet førte til at metoden skal innførast som del av dagleg drift i alle Florabarnehagane frå 2018. Dedikerte tilsette frå tenestene Helse, Barn og Unge og PPT skal observere på individnivå (enkeltbarn) og på systemnivå (barnehagen si organisering og personalet sin kommunikasjon med barna). Observatørane (kalla plussteam) observerer kvar barnehage kvart fjerde år etter ein fast plan for rullering.

Etter at observasjonane er gjennomførde, møter plussteama dei ansvarlege i barnehagen for tilbakemelding og diskusjonar om forbetringar for opplegget i barnehagen, enkeltbarn og barnehagen si organisering av arbeidet. Eventuelle tiltak for enkeltbarn vert avklara mellom barnehage og barnet sine foreldre.

Eit nært samarbeid mellom barnehagen, foreldra og nære samarbeidspartar vil styrke kvaliteten på arbeidet i barnehagen og gi foreldra auka trygghet på at barnet får god utvikling.

Med helsing

Anders Moen

Norunn Stavø

Kari Berge

Kommunalsjef

Kommunalsjef

Koordinator

Erklæring om samtykke

Eg samtykker i at mitt barn (namn)..... blir observert i barnehagen av Pluss-teamet.

Ja / nei (stryk det som ikkje passar)

Dato Underskrift av føresette

SYSTEMOBSERVASJONAR

kan ha følgjande tema:

Tilsette sin kommunikasjon med barna

- Generell stemning/atmosfære
- Fordeling mellom å leie eller følgje barn
- Om merksemda vert retta mot alle barna versus at enkeltbarn får stor merksemd
- Karakteristika ved kommunikasjonsstilen (respektfullheit, tydelegheit, glede, engasjement, fryd, ros, oppmuntring, grensesetjing/regulering, osv.)
- Sensitivitet (varme/aksept, trøyst med lindrande effekt, empati og sympati med barnet, hensiktsmessig måte å ta kontakt med barnet, hensiktsmessig respons når barnet søker kontakt, emosjonell tilgjengelegheit)

Arealbruk

- Hensiktsmessigheiten i møblering og utsmykking
- Bruk av inne- og uterom
- Utearealet sin eignaheit og tilgjengelegheiten av det
- Sikring/beskyttelse av barn

Aktivitetar

- Aktivitetsvariasjon, aktivitetsvarigheit og tydelegheit og støtte i areal-, aktivitets- og tempooverganger (strukturerte, halvstrukturerte og ikkje-strukturerte aktivitetar)
- Lyd- og støynivå
- Støttande handlingar av barn si kompetanseutvikling («stillas»-bygging, oppmuntring til utfolding og kreativitet og understøtte av nysgjerrigheit og skapertrang).

Organisering av arbeid/rutinar



- Disponering av tilsette (fordeling i rom, antall i kvar aktivitet og barnegrupper)
- Inndeling av barnegrupper
- Samkøyrtheit blant dei tilsette
- Disponering av tid
- Rutinar
- Likheit mellom tilsette i framtoning og likheit i standard
- Utstyrsmengde, tilgjengelegheit, eignaheit og variasjon

Barnehagane vel sjølve kva tema som skal observerast. Det vert utarbeidd ein eigen plan for rullering av systemobservasjonar for å unngå at alle tema vert på same tid.

Mal oversikt barn til observatørar

Barnehage _____

Avdeling _____ Dato _____

Bilete av barna som skal observerast	Observatøren sine notater
 <p>initialer alder (år+mnd)</p>	
 <p>initialer alder (år+mnd)</p>	
<p>Tema for systemobservasjon:</p>	

Mal leing av tverrfagleg stormøte

BARNEHAGE _____
DATO _____

Styrar ønskjer velkommen. Alle deltakarane presenterer seg. Styrar informerer om rammene for møtet og presenterer kvar avdeling:

Tidsramme for dagen	Stormøte er frå kl. til kl. Tida vert fordelt slik på avdelingane: Lunsj kl.
Kvar avdeling vert presentert:	
Korleis møtet er tenkt organisert	Tilbakemelding og konklusjon på individobservasjon kl.... tilbakemelding systemobservasjon kl..... (siste 15 min)
Faktainformasjon om avdelinga:	Barn på avdelinga <ul style="list-style-type: none"> • Tal barn og alder på barna • Tal fleirspråklege barn (nasjonalitet, språk) • Tal barn med redusert plass • Tal barn oppmeldt til andre instansar, t.d. PPT, BUP, fysio-ergo • Tal barn med enkeltvedtak (skal ikkje observerast) Tilsette på avdelinga; tal / stillingsstorleik / funksjon <ul style="list-style-type: none"> • grunnbemanning • tospråkleg assistent • ekstrapedagog / ekstraassistent / styrkingsressurs • lærling • andre Eventuelle ande særtrekk ved avdelinga
Ev. reservasjonar	
Fråver; barn som var heilt eller delvis borte frå barnehagen under observasjonane	

Mal referat og konklusjon tverrfagleg observasjon stormøte

BARNEHAGE _____ **AVD** _____ **DATO** _____

	Observasjon, dette såg vi, dette hørde vi Hovudpoeng. Type vanske / grunn til bekymring	Konklusjon: 1. Det er ingen grunn til uro 2. Det er usikkert om barnet har behov for ekstra utviklingsstøtte.. Barnehagen tek fleire observasjonar, med event bistand frå Ny konklusjon innan 3 månader: 3. Barnet bør henvisast til..... (instans) Grunngjeving..... 4. Anna.....	Ansvar	Frist
<i>barn nr. alder</i>				
<i>barn nr. alder</i>				
<i>barn nr. alder</i>				
<i>barn nr. alder</i>				



Flora kommune

Samtykke til samarbeid med andre instansar

Gjeld barn _____ fødd _____

Eg samtykker / samtykker ikkje til (stryk det som ikkje passar) at barnehagen kan ta kontakt med andre samarbeidspartar til beste for barnet (set x)

Helsesøster

Familierettleiar

Kommunepsykolog

Fastlege

Fysio / ergoterapi

Barnevern

PPT

Samtykket gjeld følgjande:

Samtykket gjeld frå _____ til dato _____

Samtykket gjeld til føresette opphevar det eller om det oppstår vesentlege endringar i livsituasjonen som tilseier at samtykket bør vurderast på ny.

Stad og dato: _____

Underskrift

Føresett

Føresett

Registrering og oppsummering etter fagmøtet

Periode		
Barnehage		
Tal barn i bhg		
Tal løyve		
Tal reservasjonar		
Tal barn på enkeltvedtak		
Tal barn drøfta på stormøte		
Konklusjon – tal barn	1. Ingen grunn til bekymring	
	2. Usikkert om barnet ha behov for bistand. Barnehagen observerer meir	
	3. Barnet bør henvisast til..	
	4. Anna	

Kva konklusjon vel vi?

1. Ikkje behov for ekstra tiltak
2. Tilrettelegging; vi treng finne ut meir, ny observasjon. NB: samtykke frå foreldre
3. Henvising til t.d. PPT, Team barn & unge, fysioterapeut, ergoterapeut, bekymringsmelding til barnevern. NB: samtykke med foreldre med unnatak ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep
4. Anna. T.d. om barnehagen ønskjer bistand, rettleiing frå hjelpeapparatet. NB: samtykke med foreldre.

Rutinebeskrivingar

Rutine for observasjon på individnivå av Plussteam

Forarbeid:

- Styrar i barnehagen informerer foreldra i barnehagen om "Fleirfagleg blick" på første foreldremøte i barnehagen på hausten
- Seinast ei veke etter foreldremøte sender styrar i barnehagen samtykkeskjema til foreldra, som signerer for om deira barn skal / skal ikkje observerast av Plussteamet.
- Tenesteleiar Barn og Unge, PPT, og Helse sender oversikt til barnehagen og plussteam om kven i Plussteamet som skal observere der innan veke 37
- Styrar sender vekeplan for alle avdelingane til medlemmene i Plussteamet. Kvar enkelt i Plussteamet melder tilbake til styrar når ho/han kjem. Styrar samordnar og informerer avdelingane.
- Plussteamet set av tid i veke 43 og 44. Då skal observasjonane gjennomførast.
- Plussteamet og barnehagane set av tid i veke 45 og 46. Då skal oppsummering av observasjonar gjennomførast (stormøte).
- Styrar i barnehagen lagar oversikt over barn med bilete og alder og legg i konvolutt til kvar av observatørane i plussteamet, sjå mal 1
- **NB: HUGS AT DET BERRE ER DEI BARN SOM FORELDRA HAR SAMTYKKA TIL, SOM SKAL OBSERVERAST.**
- **NB: HUGS AT DEN INFORMASJONEN DU FÅR GJENNOM OBSERVASJONANE IKKJE KAN NYTTAST I ANDRE SAMANHENGAR JMF TEIEPLIKTA.**

Gjennomføring: 2 timar observasjonstid pr avdeling, pr observatør. 15 minutt til etterarbeid pr avdeling:

- Plussteamdeltakar møter i barnehagen til avtalt tid.
- Får utdelt konvolutt med skjema av styrar i barnehagen.
- Plussteamdeltakar gjennomfører observasjonane. Du observerer enkeltbarn og noterer ned kva du ser og høyrer (beskrivande, ikkje tolkande no)
- **NB: IKKJE START SAMTALE MED NOKON I OVERGANGSSITUASJONAR**
- Observasjonar som leier til bekymring må spissast så godt som mogeleg.
- Når observasjonane er gjennomførde, merkast dei barna det er bekymring rundt med nr utanpå konvolutten.
- Konvolutt leverast styrar i barnehagen som oppbevarer den nedlåst fram til stormøte.

Etterarbeid for styrar i barnehagen:

- Styrar går igjennom oversikt på framside på konvoluttar som er innlevert frå Plussteamet
- Lagar ei oversikt over tal barn som skal drøftast i stormøtet.

Rutine for observasjon på systemnivå

Systemobservasjon av plussteam:

Primært er det tilsette frå PPT og fysio/ergo som skal gjennomføre systemobservasjonar. Her er det viktig å ta gode notat, då det i etterkant skal skrivast ein rapport som skal leverast barnehagen. Denne vil bli brukt vidare inn mot kvalitetsutviklinga i den einskilde barnehage.

NB: I den grad det vert observert noko som går direkte på ein person, skal dette takast med den einskilde styrar i etterkant av observasjonen og ikkje i stormøte.

Systemobservasjon internt i eigen barnehage og ved hospitering:

Viktig å ta gode notat, då det i etterkant skal skrivast ein rapport som skal leverast barnehagen. Denne vil bli brukt vidare inn mot kvalitetsutviklinga i den einskilde barnehage.

NB: I den grad det vert observert noko som går direkte på ein person, skal dette takast med den einskilde styrar i etterkant av observasjonen og ikkje i stormøte.

Forarbeid:

- Den einskilde barnehage vel ut tema for systemobservasjonane og melder dette vidare til dei som skal gjennomføre observasjonane.

Ved tverrfagleg observasjon:

- Alle i Plussteamet noterer punkt i temaet for systemobservasjonane og legg det fram **munleg** på slutten av stormøtet.

Gjennomføring:

- Systemobservasjonar vert gjort samstundes med individobservasjonane i den tverrfaglege observasjonsrunden.
- Intern observasjon og hospitering inneheld kun observasjon av system
- Fysio- og ergo og PPT beheld sine eigne notat i høve systemobservasjonane. Desse skal nyttast når rapportane skal skrivast.
- Rapporten skal innehalde:
 - ✓ Kva er tema?
 - ✓ Kor mange tilsette, avdelingar, barn?
 - ✓ Kva tid observasjonar?
 - ✓ Kva såg du?
 - ✓ Kva var bra?
 - ✓ Kva treng ein å jobbe vidare med?
 - ✓ Forslag til korleis dette kan gjerast

Stormøte og tilbakemelding systemobservasjonar:

- Det vert sett av 15 minutt på slutten av stormøtet der deltakarar frå Plussteam gir munnleg tilbakemelding dersom dei har observert faktorar som ligg under systemobservasjonar.
- Tilbakemeldingane vert notert ned av sekretær.

Tilbakemeldingsmøte ved intern og hospiterande systemobservasjon:

- Styrar kallar inn til tilbakemeldingsmøte.
- Systemobservatørane gir munnleg tilbakemelding på kva dei har observert og kva som vil komme i rapporten.

NB: Rapporten skal vere ferdig skriven og levert barnehagen innan 3 veker etter stormøtet!

Rutine for stormøta

Deltakarar og organisering:

- Deltakarar frå Plussteamet og barnehagen sit i ein formasjon kor alle ser alle. Ev. observatørar sit i bakkant.
- Ein går gjennom observasjonar avdeling for avdeling. Frå barnehagen møter styrar og begge dei pedagogiske leiarane på den aktuelle avdelinga.
- Det er med ein eigen referent som skriv referat frå møtet. Referatet skrivast direkte inn i eigen mal lagt inn på **barnehagen sin PC**
- Styrar leiar møtet.
- NB! Heile møtet vert gjennomført på anonymt grunnlag.

Innleiing:

- Styrar ønskjer velkommen og seier noko om rammene for møtet og gir relevant informasjon om avdelinga:
 - Sjå mal nr 2

Gjennomføring av sjølve stormøtet:

- Medlemmene i Plussteamet får utdelt konvolutt med notata sine.
- Styrar bereknar kor mykje tid som må avsetjast til kvart barn ut i frå grovdisposisjon som er gjort i forkant av møtet.
- Alle observatørane og pedagogisk leiar som har notert observasjonar av barnet, får høve til å gå gjennom desse. Pass på å starte på ulik plass blant deltakarane slik at det ikkje er dei same som må supplere kvar gong. Styrar sørgjer for at møtedeltakarane berre diskuterer relevante tema. Ikkje tillat utanomsnakk eller at ein blir dvelande for lenge ved eitt tema.
- Dei pedagogiske leiarane seier deretter noko om sine observasjonar av barnet og kor vidt dette er samanfallande med Plussteamet sine observasjonar.
- Styrar konkluderer ut i frå det som er kome fram. Konklusjonen sjekkast ut med dei andre møtedeltakarane.
- Det er 4 moglege konklusjonar:
 1. Ingen grunn til uro
 2. Det er usikkerheit om barnet har behov for bistand. Barnehagen skal foreta fleire observasjonar, med event bistand frå..... Ny konklusjon innan 3 mnd
 3. Barnet bør henvisast til(instans)
 4. Anna.....
- Referatet skrivast direkte inn i mal som er lagt inn på berbar PC. Referatet skal kort oppsummere observasjonsteamet sine beskrivingar; dette såg vi, dette høyrde vi. I tillegg skal konklusjonen grunngjevast og skrivast ned, sjå mal nr. 3.

Førebuing av systemobservasjonar på tvers av avdelingar i eigen barnehage og ved hospitering

Forarbeid:

- Styrar i barnehagen informerer foreldra i barnehagen om "Fleirfagleg blick" på første foreldremøte i barnehagen om hausten, og kva plass i årshjulet deira barnehage har.
- Styrar i barnehagen fordeler observatørar på dei ulike avdelingane innan veke 37.
- Barnehagen set av tid i veke 43 og 44. Då skal systemobservasjonane gjennomførast.
- Barnehagen set av tid i veke 45 og 46. Då skal oppsummering av systemobservasjonane gjennomførast (tilbakemeldingsmøte).
- Barnehagen sender ut vekeplan til dei som skal observere på deira avdeling.
- Konkrete avtalar for tidspunkt og anna vert gjort internt mellom aktuelle deltakarar i den einskilde barnehage.
- Styrar i barnehagen førebur skjema med tema for systemobservasjonane som observatøren skal skrive sine notat på.

- **NB: HUGS AT DEN INFORMASJONEN SOM DU FÅR GJENNOM OBSERVASJONANE IKKJE KAN NYTTAST I ANDRE SAMANHENGAR JMF. TEIEPLIKTA**

Gjennomføring: 2 timar observasjonstid pr avdeling, pr observatør. 15 minutt til etterarbeid pr avdeling:

- Observatør møter i barnehagen til avtalt tid.
- Får utdelt konvolutt med skjema og tema av styrar i barnehagen.
- Observatør gjennomfører observasjonane.
- Leverer konvolutt med skjema til styrar i barnehagen etter endt observasjonsrunde.
- Styrar sikrar trygg oppbevaring av konvoluttane til stormøte/oppfølgingsmøte.

Rutine for oppfølgingsbesøk innan 12 veker etter stormøte

Forarbeid:

- Styrar i barnehagen samlar informasjonen om dei barna som det blei konkludert etter punkt 2, 3 og 4 og korleis oppfølginga har vore.

Gjennomføring av oppfølgingsmøtet:

- Styrar leiar møtet.
- Barnehagen stiller med eigen referent.
- Deltakarar er medlemmene i Plussteamet som gjennomførde observasjonane i den konkrete barnehagen og pedagogiske leiarar på avdelinga.
- Medlemmene i Plussteamet får utdelt eigne notat frå observasjonane.
- Styrar les konklusjonane for kvart barn – eitt om gongen.
- Pedagogisk leiar informerer om korleis oppfølginga etter konklusjon 2 og 3 og på stormøtet har vorte gjennomført. Fokus òg på om endringar i høve det einskilde barnet.
- Gruppa drøftar og avsluttar med konklusjon etter pkt 1 til 4. (Bruk same mal som på stormøtet).

Rutine for intern oppfølging

Intern oppfølging (konklusjonar etter pkt 1 og 2):

- I etterkant av stormøtet vert det gjennomført foreldresamtalar.
- Det vert utarbeidd eit notat til foreldresamtalen, der innhaldet frå observasjonane vert referert til foreldra. NB! Ver konkret og beskrivande, ikkje bruk generelle vendingar. Døme: «Ho sit uroleg på stolen, går ofte ned av stolen, sleiker på kniven, kastar på mat...» heller enn «Ho er litt uroleg under måltidet»
- Konkrete tiltak for vidare arbeid vert gjort i forståing og samarbeid med foreldra.
- Det skal lagast ein tiltaksplan med tydelege avtalar og tidspunkt for evaluering.
- Styrar skal informerast og eventuelt koplast på.

Ekstern oppfølging (konklusjon etter pkt 3 og 4):

- Pedagogisk leiar kallar inn til foreldresamtale der ein går gjennom observasjonane. Ein oppmodar begge foreldra om å møte. Det vert vurdert om styrar skal vere med på samtalen.
- Pedagogisk leiar viser til konklusjon frå stormøtet, skildrar konkret kva ein er uroleg for og skisserer korleis ein vil ta dette vidare i hjelpeapparatet..
- Konkrete tiltak for vidare arbeid vert utarbeidd i forståing og samarbeid med foreldra (t.d. tilvising til PPT og Fysio- og ergoterapiavdelinga).
- Det vert innhenta skriftleg samtykke til å kontakte andre aktuelle eksterne samarbeidsinstansar, sjå vedlegg samtykkeskjema. Eventuelle reservasjonar skal dokumenterast.
- Ved behov kallar styrar så inn til samarbeidsmøte der tema er avklaringar for vidare oppfølging. I særlege tilfelle kan dette møtet vere todelt; ei økt med fagmøte jf vedlegg om samtykke, deretter ei økt med foreldra til stades.
- I samarbeidsmøtet vert ein einig om forslag til tiltaksplan og prioritering av tiltak. Målet er å finne kjelda til vanskane og unngå å starte med å behandle symptom. Døme: eit barn som strevar med si psykiske helse vil kunne ha motoriske vanskar som følgje av dette. Dersom ein berre behandlar dei motoriske vanskane, vil ein truleg ikkje oppnå ønska endring. Foreldra vert gjort kjende med forslag til tiltaksplan og får høve til å uttale seg.
- Dersom det er behov for omfattande tiltak som involverer fleire tenester, vert det vurdert å søkje koordinerande eining om Individuell plan. Viser til rutine og prosedyre som er utarbeidd.
- Det vert gjort tydelege avtaler for vidare oppfølging.
- Styrar skriv referat frå møtet og har ansvar for å følgje opp.
- Når andre i hjelpeapparatet er koplå på i saka, vert vanlege prosedyrar følgde..

Årshjul - DRIFT

TID	HANDLING	ANSVARLEG
JANUAR	<p>Samordningsmøte med alle styrarar</p> <p>Lesesirkel med fagleg fordjupning</p> <p>Internt i eigen barnehage år 1,2 og 4</p> <p>På tvers av barnehagane år 3 (fleirfagleg observasjon)</p>	<p>Koordinator</p> <p>Koordinator</p> <p>Aktuelle styrarar</p> <p>Koordinator</p>
FEBRUAR	<p>Observasjon</p> <p>Systemobservasjon: intern, hospitering – veke 6</p> <p>Individ- og system: plussteam – veke 7</p>	<p>Koordinator planlegg i samarbeid med leiarar i Helse og Barn&unge</p> <p>- Sjå mal for observasjonar</p>
MARS	<p>Stormøte</p> <p>Halv dag år 1,2,4, intern og hospitering – veke 9</p> <p>Heil dag med plussteam år 3 – veke 10</p> <p>Foreldresamtalar</p> <p>Veke 10 og 11/12</p> <p>Oppfølging av eventuelle tiltak på individ- og systemnivå</p>	<p>Koordinator planlegg i samarbeid med aktuelle styrarar</p> <p>- Sjå eigen mal for stormøte</p> <p>Pedagogisk leiar</p> <p>Styrar</p>
APRIL	<p>Oppfølging av tiltak som følgje av konklusjon i stormøtet</p>	Styrar
MAI	<p>Oppfølging av tiltak som følgje av konklusjon i stormøtet</p> <p>Oppfølgingsmøte veke 21</p>	<p>Koordinator planlegg i samarbeid med aktuelle styrarar og leiarar helse og Barn & unge - Sjå eigen mal</p>
JUNI	<p>Samordningsmøte med alle styrarar</p>	Koordinator
JULI / AUGUST	Ferieavvikling	
SEPTEMBER		
OKTOBER	<p>Fagsamling med aktuelle tema :kurs / planleggingsdag</p>	Koordinator
NOVEMBER		
DESEMBER		

Del 3 - Vedlegg

Framdriftsplan	27
Plan for kompetanseutvikling	30

Framdriftsplan**2018**

TEMA	BARNEHAGAR	ORGANISERING
1) INTERN OBSERVASJON		<p>Pedagogar deler avdelingar mellom seg internt i barnehagen</p> <p>Individ og systemobservasjon. Ca. 2 t pr. avdeling</p> <p>Stormøte halv dag med alle pedagogar. Styrar leiar møtet</p>
2) HOSPITERING OBSERVASJON		<p>Pedagogar observerer systemnivå i annan barnehage. Styrarar tek ansvar for fordeling</p> <p>Ca. 2 t pr. avdeling</p> <p>Stormøte halv dag med observatørar og pedagogar. Styrar leiar møtet</p>
3) TVERRFAGLEG OBSERVASJON	Torvmyrane og Brandsøy	<p>Tverrfaglege instansar observerer i barnehagen</p> <p>Ca. 2 t pr. avdeling</p> <p>1 dag stormøte med pedagogar, styrar og plussteam. Styrar leiar møtet</p>
4) TILTAK OG SYSTEMARBEID	Furuhaugane, Nepjarhaugen, Nyheimvegen	Barnehagen arbeider med individ og systemobservasjonane frå plussteam

2019

TEMA	BARNEHAGAR	ORGANISERING
1) INTERN OBSERVASJON	Furuhaugane, Nepjarhaugen, Nyheimvegen (5+2+2 = 9 avd)	Pedagogar deler avdelingar mellom seg internt i barnehagen Individ og systemobservasjon. Ca. 2 t pr. avdeling Stormøte halv dag med alle pedagogar. Styrar leiar møtet
2) HOSPITERING OBSERVASJON	Krokane, Eikefjord, Sørstrand (4+4+4 =12 avd)	Pedagogar observerer systemnivå i annan barnehage. Styrarar tek ansvar for fordeling Ca. 2 t pr. avdeling Stormøte halv dag med observatørar og pedagogar. Styrar leiar møtet
3) TVERRFAGLEG OBSERVASJON	Storevatn, Dalvegen, Havrenes (5+2+4 =11 avd)	Tverrfaglege instansar observerer i barnehagen Ca. 2 t pr. avdeling 1 dag stormøte med pedagogar, styrar og plussteam. Styrar leiar møtet
4) TILTAK OG SYSTEMARBEID	Torvmyrane og Brandsøy (5 + 1 = 6 avd)	Barnehagen arbeider med individ og systemobservasjonane frå plussteam

2020

TEMA	BARNEHAGAR	ORGANISERING
1) INTERN OBSERVASJON	Torvmyrane og Brandsøy (5 + 1 = 6 avd)	Pedagogar deler avdelingar mellom seg internt i barnehagen Individ og systemobservasjon. Ca. 2 t pr. avdeling Stormøte halv dag med alle pedagogar. Styrar leiar møtet
2) HOSPITERING OBSERVASJON	Furuhaugane, Nøjarhaugen, Nyheimvegen (5+2+2 = 9 avd)	Pedagogar observerer systemnivå i annan barnehage. Styrarar tek ansvar for fordeling Ca. 2 t pr. avdeling Stormøte halv dag med observatørar og pedagogar. Styrar leiar møtet
3) TVERRFAGLEG OBSERVASJON	Krokane, Eikefjord, Sørstrand (4+4+4 =12 avd)	Tverrfaglege instansar observerer i barnehagen Ca. 2 t pr. avdeling 1 dag stormøte med pedagogar, styrar og plussteam. Styrar leiar møtet
4) TILTAK OG SYSTEMARBEID	Storevatn, Dalvegen, Havrenes (5+2+4 =11 avd)	Barnehagen arbeider med individ og systemobservasjonane frå plussteam

NB:

- Nyheimvegen og Dalvegen må samordnast når ny barnehage på Knapstadmarka er i drift
- Tilsette i andre barnehagar deltek i lesesirklar

Plan for kompetanseutvikling

Tema / teori	Metode	Deltakarar	Ansvarleg
Grunnleggjande teori «Barn i risiko» Ø. Kvello, kap. 2, 4 og 5 «Se barnet innenfra..» I. Brandtzeg, Ø. Torsteinson og G. Øiestad «De minste barnas stemme»..	Lesesirkel dag 3 t x 2 eller kveld 2 t x 3 / 3 x 2 Internt eller på tvers av barnehagar.- sjå plan for implementering	Pedagog Fagarbeidar Assistent	Styrar i aktuelle barnehagar. Koordinator
Observasjon i barnehagen; barn og samspel. Dokumentasjon	Kveldskurs med fordjupning påfølgjande dag	Tilsette i aktuelle barnehagar. Medlemmer i plussteam	Koordinator. intern / ekstern kurshaldar
Psykologisk førstehjelp	Modulkurs	Pedagogar i barnehagar	KVUT. Kurshaldarar:Eli Føleide og Doris Christensen
Barns typiske utvikling: språkleg, emosjonelt-, sosial og motorisk	Kurskveldar	Tilsette i barnehagar Medlemmer i plussteam	Interne kurshaldar; tilsette i tenesta PPT, Barn & unge, Helse
Skrivedans	Kurs kveld	Pedagogar i barnehagar	Fysi- ergoterapiavd.
Hjernens utvikling Traume og læring	Kurs dag / kveld	Interesserte i aktuelle barnehagar tilsette PPT, Barn & unge, Helse	Koordinator. Aktuelle kurshaldar: Dag Nordanger, Arne Blindheim Gøran Søderlund
Den vanskelege samtalen	Fagnettverk	Deltakarar i fagnettverk «Barn i risiko»	Leiar i fagnettverket
Trafikklyset; seksuell åtferd hos barn og ungdom	Dagskurs	Interesserte som arbeider med barn i barnehagealder	Koordinator. Kurshaldar: tilsette i Barnehuset?
Små barns psykiske helse / Livsmeistring og helse	Foreldremøte Planleggingsdag	Foreldre Alle interesserte som arbeider med	Koordinator Aktuelle kurshaldar:

	Kurs	barn i barnehagealder	Øyvind Kvello, Birgit Fjørtoft Arne Holte
Barn som pårørende	Dagskurs	Alle interesserte som arbeider med barn i barnehagealder	koordinator i samarbeid med KVUT